

# Hordaland

Laurdag 19. november

## No manar besteforeldre til klimaaksjon

**VOSS: 22. november arrangerer Besteforeldrene sin klimaaksjon i Hordaland kampanjen «Klimadugnad – Vil du vera tilskodar eller deltakar?» på Voss.**

– Me kallar det ein handlingskampanje og vil freista å gjera noko med den avmaktskjensla mange har i høve til klimaproblema, seier Thelma Kraft, fylkesleiar for Besteforeldra sin klimaaksjon i Hordaland.

Difor kjem organisasjonen no til Voss, og fyrst skal dei stå på stand på Amfi-senteret om ettermiddagen 22. november. Der vil også Voss Naturvernlag vera til stades.

### Klimakamp

Arrangørane har Paris-avtalen som utgangspunkt.

– Me er inspirerte av Paris-avtalen, som understrekar at folk skal ha tilgang til informasjon om klima og vera aktsame, seier Kraft.

Ho er overtydd om at klimakampen ikkje kan vinnast utan folkeleg og lokalt engasjement.

– Me tenkjer at me besteforeldre nyt respekt og har betre tid enn dei som er i full jobb, så me kan prata med folk om kva me sjølve kan gjera og kva som må til av politiske endringar, fortel fylkesleiar.

### Appell frå Hauge

På Voss vil mellom andre varaordførar Sigbjørn Hauge og diakon Sigrid Djukastein Mala halda appellar.

– Me ynskjer mellom anna å få fram kor viktig lokalt engasjement og gode lokale klimatiltak er. Me er ein landsomfattande organisasjon som har som overordna mål at barneborna våre og framtidige generasjonar kan arva ei jord i betre økologisk balanse. Det er eit hårete mål, slik det ser ut i dag, seier fylkesleiar.

Difor vil dei utfordra både andre frivillige organisasjonar, lokalt næringsliv, politikarar, skular, lokalt kulturliv og kyrkja.

– Det viktige spørsmålet er: Vil du vera tilskodar eller deltakar? seier Kraft.

### Støtta av fylkeskommunen

På eit ope folkemøte på biblioteket same kveld, vil prof. Helge Drange frå Geophysical Institute & Bjerknes Centre, Universitet i Bergen og Per Hjalmar Svae, siviløkonom og forfattar, halda foredrag om klimautfordringa.

Kampanjen er støtta av fylkeskommunen, og gjennom aksjonen vitjar arrangørane eit titals kommunar i Hordaland for å mobilisera til ein ekstrainsats for klima og miljø.

INGVILD SIGLEN BERGER | tekst  
isb@avisa-hordaland.no